

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	06.07.2007	MR 17926/2007/B10/&13	Jane Anita Aspen,71 25 87 75	27.08.2007

## Høring - Endring av finansieringsansvaret for opplæring i barneverninstitusjoner - opplæringsloven § 13-2

Møre og Romsdal fylke ber departementet merke seg at det er uheldig med så kort høringsfrist, når høringsnotatet vart utsendt midt i ferietida.

I ot.prp.nr. 59. står det "Departementet legg likevel avgjerande vekt på at både kartlegginga av opplæringsverksemda ved spesielt dei private institusjonane og høringsfråsegnene viser at dagens ordning med gjesteelevoppgjer ikkje fungerer tilfredsstillande"

Det er difor med undring vi les forslag om lovendringa. Her vil altså departementet gå tilbake til ein ordning som har vist seg ikkje å fungere.

Slik ordninga var før 01.01.07, så hadde heimfylkeskommunen både økonomisk, juridisk og fagleg ansvar for dei institusjonsplasserte. Det var likevel ei dårleg ordning, fordi ein vanskeleg kunne ha fagleg oversikt over ei opplæring som skulle foregå i eit anna fylke.

Det som er annleis ved den ordning vi hadde tidlegare, er at ein i det nye forslaget legg opp til å dele det faglige og juridiske ansvaret, fra det økonomiske ansvaret.

Møre og Romsdal fylke meiner det er svært uheldig å ha ei deling av ansvaret ved at eit fylke skal ha det juridiske og faglege ansvaret, medan eit anna fylke har det økonomiske ansvaret.

- Kven skal avgjere kven som skal kome inn under dei ulike refusjonsansatsane? Er det institusjonsfylket, heimfylket eller anna instans?
- Korleis skal refusjonen delast opp? Det er eit mål for BUF-etat at ein skal vere plassert i institusjon kortast mogeleg tid. Skal det sendst refusjon frå første dag, etter 1 mnd., eller kva er tenkt her? Vi opplever at det kan ta lang tid å få oversikt over tilretteleggingsbehovet, fordi desse elevane har flytta frå institusjon til institusjon.
- heimfylket vert berre eit utbetalingskontor.

Det er også uheldig at ein legg opp til ein forskjell i ansvarsforhold og refusjonsordning mellom barnevernsinstitusjonar og helseinstitusjonar. Ei eventuel endring bør vere gjeldande både for elevar som bur i barnevernsinstitusjonar og i helseinstitusjonar. Ei eventuel lovendring bør difor omfatte både § 13-2 og 13-3a.

Sidan departementet legg føre at forslaget til lovendring ikkje skal medføre endringar i dei samla utgiftene til opplæring i barneverninstitusjonar, så meiner vi at ein heller bør halde fast ved den endringa som trådte i kraft frå 1.1.07. Dersom ein skal legge opp til ein ordning med refusjon, så vil den medføre auka kostnader i administrering av ordninga.

Møre og Romsdal fylke ønskjer at ein skal halde fast med den lovendring som vart gjeldande frå 01.01.07, men at ein heller må sjå på ei permanent omfordeling av kostnadane mellom fylka.

Dersom ressursane følgjer antall institusjonsplassar, så er dette eit relativt stabilt tall, då vi er i ein situasjon der det heile tida er full oppfylling av plassane.

Sidan refusjonssatsane ikkje er klare no, kan fylka vanskeleg vurdere korleis dei økonomisk vil kome ut av ei ordning med refusjonssatsar. Vi vurdere det likevel slik at det administrative arbeidet vil bli auka og omsynet til eleven vil vere skadelidande.

Dersom vi held fokus på elevane det gjeld, så ser vi at vi med lovendringa som trådde i kraft frå 1.1.07, ser ut til å ha fått eit mykje større høve til å sikre at dei elevane vi har ansvaret for får ei god pedagogisk opplæring. Sidan institusjonsplassantalet er relativt stabilt, så kan vi legge til rette opplæringstilbod og sikre samarbeidsavtalar med dei kommunane der institusjonane ligg. Dette gjev eit langt betre tilbod, enn den gangen vi skulle sikre eit fagleg og juridisk tilbod til ein elev som budde ved ein institusjon i eit anna fylke.

Møre og Romsdal fylke er også kritiske til at departementet legg opp til ei lovendring allereie eit halvt år etter att lovendringa trådde i kraft. Dette meiner vi er altfor kort tid for å vurdere korleis dette vil fungere og kva verknader det vil ha for dei ulike fylka. Dette gjev også svært dårlege vilkår for å planlegge det vidare arbeidet for den gjeldande elevgruppa.

Hovudkonklusjonen er at Møre og Romsdal fylke meiner det er at det er svært uheldig at juridisk og fagleg ansvar vert skild frå det økonomiske ansvaret.

Med helsing

Per Hoem  
fylkesutdanningsdirektør

Jane Anita Aspen  
seksjonsleiar